



Kinico AS
Vilhelm Bjerknes' vei 58A
5081 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6485 - 23/44357

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
06.06.2023

Mellombels bruksløyve for bruksendring og oppføring av anneks og carport - gbnr 1/61 Flatøy

Administrativt vedtak: Saknr: 598/23
Tiltakshavar: Ali Mekki
Ansvarleg søkjar: Kinico AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bruksendring frå fritidsbustad til bustad, anneks og carport slik godkjend i vedtak datert 23.01.2022. Løyvet vert gitt på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve heile tiltaket.
2. Ferdigattest skal liggja føre innan 30.09.2023.

Ansvarleg søkjar har ordna med nødvendig sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 23.01.2022.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att: Ferdig golv, delar av panelet og lister i vinterhage.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.09.2023.

Det vert elles vist til søknad mottatt 05.06.2023.

VURDERING

Kommunen legg mottoken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid. Vi finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Vi gjer merksam på at tiltaket set krav til avfallsplan og at sluttrapport må liggja føre ved innsending av søknad om ferdigattest.

Skildring

Adresse:	Flatøyvegen 226
Bygningstiltak:	Bruksending med tilbygg og påbygg, anneks og carport
Bygningsnummer:	Bustad: 175995765 Carport: 301004842
Bruksareal:	Bustad 238,8 m ² Carport: 18 m ²
Avløp:	Privat
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksending krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/6485

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ali Mekki

Kalfarveien 80

5022

BERGEN

Mottakarar:

Kinico AS

Vilhelm Bjerknes' vei
58A

5081

BERGEN